



UNIVERSITETET I BERGEN

Universitetsdirektøren



Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Dykkar ref
200704838

Vår ref
2007/14032 - MOR

Dato
13.12.2007

Høring - Forslag i endringer i opplæringsloven og privatskolen

Vi viser til sending frå departementet 12.10.07 og til vårt svarbrev i denne saka 6.12.07.
I ettertid har Det humanistiske fakultet ved Universitetet i Bergen komme med eit innspel som vi legg ved.


Kari Tove Elvbakken


Hilde Hvidsten Bretvin

Vedlegg
Brev frå Det humanistiske fakultet 10.12.07

Kopi
Det humanistiske fakultet

Telefon 55 58 00 00
postmottak@uib.no
Internett www.uib.no
Org no. 874 789 542

Universitetsdirektørens kontor
Telefon 55 58 20 01
Telefaks 55 58 96 43

Postadresse
Postboks 7800
5020 Bergen

Besøksadresse
Muséplass 1
Bergen

Sakshandsamar
Mona Rødseth
55 58 89 33



Universitetsdirektørens kontor

Referanse
2007/14032 - INGHA

Dato
10.12.2007

Tilbakemelding frå Det humanistiske fakultet

Det humanistiske fakultet, Universitetet i Bergen, viser til høyringsnotat med framlegg til endringar i Opplæringslova og Privatskulelova.

Det humanistiske fakultet stiller seg positivt til framlegget om at ordninga med særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar vert utvida, slik at ho òg gjeld elevar i den vidaregåande skulen (og ikkje berre elevar i grunnskulen). Ei slik utviding kan vere med på å fremje målet om tilpassa opplæring for elevane.

Vi vil på same tid stille oss undrande til at det i høyringsnotatet vert poengtert at den særskilde språkopplæringa i hovudsak vil vere knytt til særskilt opplæring i norsk, og ikkje til morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring. Vi er òg undrande til at høyringsnotatet strekar under at morsmålsopplæring "må være nødvendig" ut frå at elevane har "så dårlige ferdigheter i norsk at de ikke kan følge undervisning gitt på norsk". Denne argumentasjonen har som implikatur at morsmålsopplæring for elevar med brukbar norskkunnskap er "unødvendig". Dette synet på morsmålsopplæring samsvarar nok med den endringa som skjedde med Ot.prp.nr. 55 (2203-2004) pkt.3.3. der morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring vart karakteriserte som sekundære hjelpemiddel i norskopplæringa, men vi hadde vona at regjeringa no kunne arbeide fram eit alternativt syn som la vekt på morsmålsopplæring som ein ressurs for språksamfunnet som heilskap.

Det er brei semje i andrespråksmiljøet både i inn- og utland at morsmålsopplæring har ein gunstig verknad på den allmenne språkopplæringa, fordi ho gjev høve til å kombinere omgrepstrening, fagtrening og språktrening. (Ei oversikt over faglitteraturen kan ein t.d. få i ein rapport av Anders Bakken, NOVA-rapport nr. 10/2007.) Som forskingsteamet Thomas og Collier har vist i 2002, ser langvarige

modellar ut til å verke best. I tillegg kjem meir prinsipielle sider ved morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring, knytte til verdien av språkleg mangfald og til språkrettar meir generelt.

Sjølv om Det humanistiske fakultet ved Universitetet i Bergen stiller seg positivt til at ein med lovframlegget legg opp til ei lita utviding av ordninga med særskild språkopplæring, vil vi altså på same tid oppmode departementet til å sjå nærmare på den rolla morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring spelar og bør spele. Gjennom fagmiljøet i andrespråksforskning kan Universitetet i Bergen kome med fleire innspel i så måte.

Gunnstein Akselberg
Dekan

Audun Rivedal
Fakultetsdirektør

Kopi